

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Dato
LEIKANGER, 28.09.2017

Saneringsplan for uttak av villreinbestanden i Nordfjella sone 1 - fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hovudutval for næring og kultur fekk i møte den 26. september informasjon om saneringsplanen for uttak av villreinbestanden i sone 1 i Nordfjella i samband med skrantesjuka. Dei vart gjort kjende med planen om å skyte ned alle reinsdyra, og planen om å destruera dei kring 1000 reinsdyra som det statlege fellingslaget skal ta ut.

Samstundes vart hovudutvalet for næring og kultur gjort kjende med eit lokalt initiativ frå aktørar i Aurland og Lærdal, som vil stille seg til rådvelde for å løysa nokre av dei utfordringane ei sanering av villrein i sone 1 Nordfjella, og stort uttak av hjort, elg og rådyr i randsona kan møta.

Initiativet går primært ut på å etablere eit «arrest/karantene-lager», og nytta eksisterande slakteri med sikker kjølekapasitet for jegerar, og eventuelt også for SNO, om det skulle bli aktuelt. Vidare ser dei eit stort sannsyn for ekstraordinær innsats, for å handsama og omsetja store mengder slakteskrottar så effektivt som mogleg. Deira ønske er at alt kjøt frå friske dyr vert utnytta.

Hovudutval for plan og næring stiller seg bak det lokale initiativet, og ber om at Landbruks- og matdepartementet ser nærmare på saneringsplanen og det lokale initiativet frå Aurland og Lærdal, og gjer alt som er mogleg for å sikra at kjøtressursane frå friske dyr vert utnytta som mat.

Med helsing

Fylkesdirektør

Jan Heggheim

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Saneringsplan for uttak av villreinbestanden i Nordfjella sone 1 – spørsmål om moglegheiter for å utnytta kjøtet til mat. Notat til hovudutval for næring og kultur 26. september 2017.

Mottakar (ar)

Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep 0030 OSLO